



Christen Lorentz Soleim
Hans Tanksgt 4
5008 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/370 - 14/1222

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
31.01.2014

Oppføring av terrasse på gnr 1 bnr 63 - førebels svar.

Meland kommune har motteke Dykkar søknad 29.01.2014.

Nedanfor følgjer ei orientering om lovpålagte tidsfristar og generelle sakshandsamingsrutiner.

Tidsfristar:

Plan- og bygningslova har sett tidsfristar for handsaming av ein del søknadstypar. Hovudregelen er at tidsfristar skal følgjast, og at fristen vert utsett dersom søknaden ikkje er fullstendig. Den tida det eventuelt vil ta ansvarleg søkjar/tiltakshavar å gjere søknaden fullstendig må difor leggjast til den forventa sakshandsamingstida.

SAKSTYPE:	TIDSFRIST:
Søknad om tiltak etter Pbl §§ 20-1 og 20-2 som ikkje krev dispensasjon frå arealplan og som tilfredsstillar Pbl § 21-7, andre ledd	3 veker
Søknad om tiltak etter Pbl §§ 20-1 som ikkje tilfredsstillar Pbl § 21-7, andre ledd	12 veker
Søknad om igangsettingsløyve	3 veker
NB! Søknad om løyve til tiltak etter Pbl kap. 20 der søknaden inneber dispensasjon frå gjeldande arealplan m.m.	Ikkje lovpålagte fristar

Dersom ikkje frist for nabomerknader er gått ut ved innsending av søknad/melding, vert denne tida lagt til overnemnde fristar.

Sakshandsaming i kommunen:

Kommunen går gjennom den innkomne søknaden. Er saka fullstendig, vert vedtak fatta. Dersom det føreligg mindre manglar ved dokumentasjonen, vert ansvarleg søkjar/tiltakshavar underretta om dette. Er saka så mangelfull at den ikkje kan handsamast, vert den returnert.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknad om tiltak:

Dersom det ikkje føreligg merknad frå naboar eller gjenboarar, og søknaden elles er i samsvar med overnemnde pkt 1 og 2, vert løyve rekna som gitt sjølv om kommunen ikkje har avgjort søknaden innan sakshandsamingsfrist.

Føresetnad for å kunne starte opp byggjearbeidet er at krava i **plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner er oppfylt.**

Igangsetjing av arbeid før det føreligg skriftleg løyve/samtykke frå kommunen skjer difor på eige ansvar.

Gebyr:

Handsaming av søknad er gebyrbelagt. Når saka er ferdighandsama vert gebyr fastsett i samsvar med gebyrregulativ vedteke av Meland kommunestyre.

Nærare opplysningar om sakshandsamingsreglar finn De også på www.be.no

Nærare opplysningar om saksgang kan De få på Tenesteområde plan, utbygging og kommunalteknikk, tlf. 56171160, e-post: postmottak@meland.kommune.no

Med helsing

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Mottakere:

Christen Lorentz Soleim

Hans Tanksgt 4 5008

BERGEN